



Til NVE

Sviggaplassane, 05.05.2024

Uttale til endringssøknad frå Hydro gjeldande Illvatnet pumpekraftverk

Luster Austre Statsallmenning dekker eit område på 580 km² i nordaustre deler av Luster kommune, dette inkluderer Illvatnet og den nordlege delen av Nørdstedalen der Hydro har søkt om å deponera massar. Luster Austre Fjellstyre sitt mandat er å administrera bruken av statsallmenninga med føremål å «sikre at allmenninga vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsinteressene» (fjellova § 3). Fjellstyret forvaltar altså viltet og fisken, samt beiterettar (det er Statskog som står som grunneigar).

Fjellstyret ser med stor bekymring på den aukande belastninga på villreinen i området. Reinen får ikkje ro til å beita og vegrar seg også for å trekka gjennom område der det føregår menneskeleg aktivitet eller der landskapet er endra. Summen av alle små og store tiltak ser ut til å vera i ferd med å redusera kvaliteten og storleiken på leveområda opp imot eit kritisk nivå. Villreinstammen i Breheimen ser førebels ut til å hanskast med det, men Vest-Jotunheimen villreinstamme er langt under bestandsmål og har produsert urovekkjande få kalvar dei siste åra. Fjellstyret er oppteken av at det skal vera moglegheiter for utveksling mellom dei to stammene, difor er me uroa for effektane av Hydro sine planar kring Illvatnet. Villrein-kartet som vart presentert på møte 2. april er ikkje dekkande,- det vert observert rein av og til fleire stader utom dei skraverde områda,- Medalen, Hervaskorane og Hervahøgdene, mellom anna. **Me ønsker å streka under at NVE må vera nøye med at både aktiviteten i anleggsperioden, og det ferdige anlegget skal tilpassast slik at villrein kan beita der eller trekka gjennom området med minst mogleg hindring.**

Når det gjeld utforminga av tippen som er planlagd i Nørdstedalen forventar me at Hydro legg vesentleg meir innsats i å kamuflera og pynta til enn det som har vore vanleg til no. Tippen skal utformast slik at han ikkje dannar ein kunstig kontur i landskapet, og dekkast til med slikt jordsmonn og vegetasjon som høyrer heime akkurat der.

Luster Austre Fjellstyre set pris på å vera orienterte og involverte i prosessen, og ser fram til eit konstruktivt samarbeid vidare.

Mvh

Inger Moe

Dagleg leiar/ fjelloppsyn

Tlf 91713559

Epost: fjellstyret@luster austre.no